

Budsjett 2022
Økonomiplan 22-25



Innholdsliste

Innleiing.....	3
Oppvekst.....	3
Helse og velferd.....	4
Kultur/Samfunnsutvikling.....	4
Kommunal vikarsentral.....	5
Politisk møteverksemd.....	5
Eigedomsskatt.....	5
Investeringar.....	6
Investeringar – sjølvkost.....	7
Økonomiplan 2022 - 2025.....	8
Endringar i driftsbudsjettet 2022.....	9
Endringar i investeringsbudsjettet.....	10
Verbalforslag.....	12

Innleiing

Dette budsjettforslaget byggjer på kommunedirektøren sitt budsjett, og alle tall er endringar i forhold til det budsjettet.

Viktige satsingar i SV sitt budsjett:

- **Fleire lærarar i skulane**
- **Styrke tidleg innsats**
- **Bevare Fjellheim**
- **Nei til sosialstønad som lån**
- **Meir pengar til oppvekst**
- **Meir pengar til helse og velferd**
- **Meir pengar til kultur**

Kommunen er i ein sær sars vanskeleg økonomisk situasjon og det er ikkje rom for dei store satsingane. Samtidig er den viktigaste oppgåva til kommunen å sørge for gode tenester til innbyggjarane. Vi har derfor auka overføringane til sektorane slik at dei kan oppretthalde dagens nivå.

Oppvekst

I kommunedirektøren sitt budsjett er det føreslått å kutte ut MOT, Guttas Campus, ungdomsskulegutar som leikeressurs, og redusere overføringane til Ung Arena og til barn med nedsett funksjonsevne i barnehagane, med meir. Den økonomiske situasjonen er vanskeleg, men vi meiner at kommunen må finne rom for enkelte av disse tilboda. Overføringane til skulane aukast for å sikre oppfylling av lærarnorma. Tidleg innsats er viktig, så kommunen må bruke meir ressursar på dette, gjerne gjennom ei styrking av meistringsteamet eller tilsetjing av fleire miljøterapeutar i skulane. SV foreslår å auke overføringane til oppvekst med 6 millionar kroner i 2022, med ein ytterlegare auke på 6 millionar kroner i 2023 og ein million i 2024 og 2025 for å løyse disse oppgåvene. Vi har satt av 2 millionar kroner til miljøarbeid i skulen og 1,5 millionar kroner til å oppfylle lærarnorma. Vi har valgt å sette av midlar til MOT (600 000 i 2022 og 1,2 millionar i 2023), Ung Arena (250 000) og Ungdomsskulegutar som leikeressurs (60 000). Det resterande går til auka ramme, slik at sjef for oppvekst i samråd med tillitsvalde, fagsjefar og einingsleiarar kan avgjere kor behovet er størst. I tillegg foreslår SV å auke overføringane til barnehagane for å kompensere for reduksjonen i foreldrebetaling. Dette utgjer om lag 350 000 kroner i 2022, og vil auke utover i økonomiplanen. Dette kommer i tillegg til dei auka rammene som er nemnt tidlegare.

Lærarnorma skal vere oppfylt for alle born som går på skule i Bjørnafjorden.

SVs viktigaste satsningar	Beløp (i tusen kroner)
Auka ramme i 2022	1 590
Auka ramme i 2023	5 400
Miljøarbeid i skulen	2 000
Oppfylle lærarnorma	1 500
Ung Arena	250
Ungdomsskulegutar som leikeressurs	60
MOT	600

Helse og velferd

Kommunen skal nå ut av statleg finansiert eldreomsorg, noko som vil sette tenestene under et enda større press. Det er foreslått mange kutt i denne sektoren. Nokon av kuttene vil ikkje påverke brukarane, mens enkelte vil gå direkte ut over brukarane. Spesielt mange av kuttene innan tilrettelagte tenester for barn og vaksne ser ut til å ramme brukarane direkte, men også sosialstønad som lån vil ramme dei det gjeld hardt. I budsjettet for 2021 foreslo SV å redusere husleiga i omsorgsbustader. Bebuarar på Luranetunet med lågaste pensjonssats har for eksempel berre rundt 100 kroner til overs etter faste månadlege utgifter. Dette ble det ikkje gjort noko med i fjor og SV foreslår det derfor igjen.

SV har vald å auke overføringane til helse og velferd med 5 millionar kroner i 2022 og ytterlegare 2 millionar kroner i 2023 og ein million i 2025. Dette skal mellom anna sørge for mindre kutt i tilrettelagte tenester for barn og vaksne, stoppe sosialstønad som lån og redusere husleiga i omsorgsbustader. Resten av summen tilføres ramma slik at eininga sjølv kan vurdere kor pengane vil gjere størst nytte.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Redusere husleiga i omsorgsbustader	1 000
Si nei til sosialstønad som lån	200
Auka rammeoverføring 2022	3 800
Auka rammeoverføring 2023	2 000

Kultur/Samfunnsutvikling

SV er eit parti som ønskjer å satse på kultur i kommunen. Kulturen gjev verdi og innhald i livet til alle oss som bur her, og eit variert og levande kulturliv har svært undervurdert, førebyggjande helseeffekt. I dagens økonomiske situasjon har vi likevel diverre ikkje funne rom for store satsingar i denne sektoren. Overføringane aukast med 2 millionar kroner og vil brukast som vist i tabellen. Dei resterande 500 000 går til auka rammeoverføring. I tillegg har SV lagt inn 20 millionar kroner i investeringsbudsjettet for 2022 for å ruste opp Fjellheim. Dette er nødvendig for å ta vare på dette viktige kulturminnet for framtidige generasjonar. SV har også lagt inn ei auke i rammeoverføringane til sektoren på 3 millionar kroner i 2024.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Styrke kulturskulen	300
KUP-midlar	250
Auka overføringar til Oseana	300
Auka overføringar til Os idrettspark Bjørnafjorden	250
Fjellheim (investeringsbudsjettet 2023)	20 000
Tilrettelagt fritid	400

Kommunal vikarsentral

Det er høg vikarbruk i kommunen, både frå vikarbyrå og av «ringehjelp». Innleige frå vikarbyrå kostar mykje meir per time, og bruk av «ringehjelp» er tidkrevjande i tillegg til at det fører til mykje deltidsarbeid. I mange høve brukar kommunen ufaglærte i roller der det burde vere kvalifisert personell. SV ønskjer difor å utvide den kommunale vikarsentralen slik at den dekkjer oppvekst i tillegg. Dei tilsette i vikarsentralen skal vere faste tilsette i fulle stillingar. Administrasjonen må rekne på kor mange årsverk som trengs for å dekkje eit vanlig sjukefråvær innan dei forskjellige stillingskategoriane og tilsetje vikarar deretter.

Politisk møteverksemd

SV meiner at løna til ordførar og varaordførar bør reduserast. Dette er noko SV jobbar for i stort sett alle kommunar, og Bjørnafjorden er ingen unntak. Løna bør reduserast frå å vere lik løna til stortingsrepresentantar, til å vere 80% av løna deira. Likeins bør òg løna til varaordførar reduserast med 20%, noko som vil gje ei innsparing på vel 210 000 kroner.

Møtegodtgjersla til politikarane bør samsvara med arbeidsbøra; eit møte på under ein time bør ikkje gje same møtegodtgjersla som eit møte på 9 timar. Det gjer det i dag. SV føreslår difor å dele møtegodtgjersla opp etter kor lenge møtet varer. Møter på under 2 timar skal ha ei godtgjersle på 0,8 promille av lønen til stortingspolitikarar. Møter på opptil 6 timar skal ha ein godtgjersle på 1,2 promille av lønen til stortingspolitikarar. Møter på meir enn 6 timar skal ha ein godtgjersle på 1,6 promille av lønen til stortingspolitikarar.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Redusera løn til ordførar og varaordførar	-210

I tillegg til møtegodtgjersle blir politikarane kompensert for tap av løn medan dei er på møte. SV er sjølvstøtt for å behalda denne lovpålagte ordninga, men vi meiner at timeløna bør reduserast. I dag kan politikare få dekkja tapt arbeidsforteneste inntil 4.000 kroner dagen. Det betyr at politikare med ein årsløn på over ein million kroner vil få dette kompensert fullt ut. Når man nå foreslår å redusera løna til ordførar bør man som eit minimum redusera kompensasjonen her også. SV foreslår difor å redusere maks vederlag for tap i arbeidsinntekt som følgje av vervet, til 3.000 kroner dagen.

Eigedomsskatt

Kommunedirektøren har i budsjettet for 2022 gått inn for eigedomsskatt. Dette er noko SV støttar da det er nødvendig for å unngå for store kutt i tenestene. Vi vel likevel å gjere enkelte endringar i eigedomsskatten i forhold til kommunedirektørens framlegg.

Slik utviklinga har vore i overføringar av midlar og oppgåver frå Staten til kommunane dei seinare åra, har fleire og fleire kommunar landa på det tunge valet om å innføre eigedomsskatt. 321 av totalt 356 kommunar i landet har no innført eigedomsskatt. Bjørnafjorden er ei av veldig få kommunar som ikkje har eigedomsskatt som del av inntektsgrunnlaget sitt i dag, og med bortfallet av statleg finansiert eldreomsorg er kommunen nå i ein situasjon kor det er umogleg å klare seg utan.

Kommunen har ein del pengar på fond som kan brukast før situasjonen blir kritisk, men disse pengane vil ikkje vare evig og begynnar vi ikkje med eigedomsskatt nå så risikerer vi å gå tom for oppsparte midlar før eigedomsskatten er høg nok til å dekkja inn det vi manglar. I 2022 er det foreslått å bruke 110 millionar kroner frå fond.

SV har estimert med noko høgare inntekt frå eigedomsskatt enn kva kommunedirektøren gjer. Vårt estimat er basert på kva dei fekk inn i gamle Fusa kommune før samanslåinga og vi meiner derfor at vårt estimat er nærare den rette summen enn kommunedirektøren sitt.

I tillegg har SV budsjettert med ein auke av eigedomsskatt for bustad på 2 promille, frå 1 til 3 promille, i 2023 samtidig som det innførast eit botnfrådrag på 500 000 kroner.

SV er glad for at kommunedirektøren foreslår ein ordning kor husstandar med ein inntekt under 4G slepp å betale eigedomsskatt. Vi meiner likevel at det også må innførast eit tak på kor mykje formue ein husstand kan ha og likevel sleppe eigedomsskatt. Vi ønsker derfor at det innførast ein grense slik at husstandar med ein formue over 20G likevel skal betale eigedomsskatt.

Investeringar

SV har ikkje gjort store endringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg til investeringar. Kvar million vi brukar på investeringar fører til ein reduksjon i driftsbudsjettet på ca. 60 000 kroner. Når driftsbudsjettet allereie er stramt må ein altså, om mogeleg, unngå vidare investeringar.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Fjellheim (2023)	20 000
Bufellesskap	-5 000
Trafikksikring	-7 000

Likevel aukar SV investeringane som påverkar driftsbudsjettet noko, då det er ein investering som SV meiner er absolutt nødvendig som ikkje var med i budsjettet til kommunedirektøren. SV meiner at Fjellheim er eit særskilt viktig kulturelt minne i Osøyro som må bevarast og har derfor sett av 20 millionar kroner til dette formålet i 2023. For å ikkje auke investeringane for mye så har SV vald å redusere overføringane til trafikksikring. Midlar til trafikksikring blir også redusert med ein million kroner for kvart år i økonomiplanen. Vidare så meiner SV at rammene for nytt bufellesskap er for høge og har derfor redusert summer her med 5 millionar kroner.

Investeringar – sjølvkost

Investeringar til vatn, avløp osv. er rekna som sjølvkost. Det betyr at dei ikkje påverkar driftsbudsjettet til kommunen, men at renter og avdrag blir belasta andre.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Leige til eige	5 000
Reduksjon i vatn og avløp	-20 000
Startlån	10 000

For å hindre at dei kommunale avgiftene aukar for mykje, føreslår SV å redusere dei årlege løyvingane til vatn og avløp med 10 millionar kvar, i 2022. Vi meiner at det framleis er sett av nok midlar til å drive nødvendig vedlikehald på røyra i kommunen, og at ein må prøve å finne løysingar som hindrar at dei kommunale avgiftene aukar for mye.

SV ønskjer å auke budsjettet for startlån slik at kommunen kan hjelpe enda fleire med å skaffe seg eigen bustad. Sjølv om dette aukar kommunen sitt låneopptak, aukar det ikkje utgiftene til å betala låna noko særleg, då renter og avdrag vert betalte av den som kjøper bustaden. SV har fått stadfesta av NAV i Os at det er behov for meir startlån og håpar ei auke på 10 millionar i året vil dekke behovet.

Ikkje alle som treng hjelp til å skaffe seg bustad møter krava til startlån i Husbanken, difor ønskjer SV å opprette en kommunal ordning med «leige til eige» for å hjelpe denne gruppa. Ungdom som ikkje har klart å spare opp nok eigenkapital, og personar som per dags dato ikkje møter krava til betalingsevne, men som kommunen trur vil vere i stand til det på eit seinare tidspunkt, er eksempel på grupper som denne ordninga vil hjelpe. SV set av 5 millionar til dette i 2022 og 10 millionar dei påfølgjande åra i økonomiplanen.

Økonomiplan 2022 - 2025

I vår økonomiplan har vi tatt omsyn til den vanskelege økonomiske situasjonen kommunen er i. Vi har auka investeringane så lite som mogleg, og vi har klart å få budsjettet i balanse allereie i 2023, medan kommunedirektøren sitt budsjett ikkje går i balanse før i 2025. Samstundes har vi styrka dei kommunale tenestene litt. For å sikre gode tenester er det viktig at ein fortsett effektivisering og digitalisering der det er mogeleg utan at det fører til dårlegare tenester.

Det er få nye element i vår økonomiplan i åra etter 2022 i høve til kommunedirektøren sin plan. SV har lagt inn ytterlegare 6 millionar kroner til oppvekst, og 2 millionar kroner til helse og velferd i 2023 og sett av pengar til oppgradering av Fjellheim, mens trafikksikring er redusert med ein million i kvart år etter 2022. I tillegg har vi redusert overføringane til kyrkjeleg fellesråd med 500 000 i 2023, 250 000 i 2024 og 2025. Oppvekst er styrka med ytterlegare ein million kroner i 2024 og 2025, helse og velferd får ein million kroner meir i 2025 og samfunnsutvikling får 3 millionar kroner i 2024.

Det er viktig å sikre at kommunen går med overskot mot slutten av økonomiplanen, og helst så tidleg som mogeleg. Det er også viktig å behalde ein del fond til uventa utgifter så å auke bruken av fond er ikkje ønskeleg. Kommunedirektøren har budsjettert med bruk av 25 millionar frå fond i heile planperioden for å redusere utgiftene til fellesområde. Dette fondet vil gå tomt kort tid etter planperioden sin slutt. Alt dette har SV tatt omsyn til og har levert eit budsjett som tar kommunen i riktig retning, slik at kommunen får ein sunn økonomi ved utgangen av planperioden.

Endringer i driftsbudsjettet 2022

Endringer driftsbudsjett 2022	Utgifter (i tusen)	Inntekter (i tusen)
Auka ramme oppvekst	1 590	
Auka ramme helse og velferd	3 800	
Fjerne sosialstønad som lån	200	
Redusere husleiga i omsorgsbustader	1 000	
Auka overføringar til kulturskulen	300	
Auka overføringar til Oseana KF	300	
Auka overføringar til Bjørnafjorden idrettspark	250	
Auka KUP-midlar	250	
Kompensasjon for redusert foreldrebetaling BHG	350	
Oppfylle lærarnorma	1 500	
Miljøarbeid i skulen	2 000	
MOT	600	
Ungdomsskulegutar som leikeressurs	60	
Ung Arena	250	
Samfunnsutvikling	500	
Tilrettelagt fritid	400	
Kyrkjeleg fellesråd		1 000
Redusera formannskapets disposisjonsfond		600
Redusera løn ordførar og varaordførar		210
Eigedomsskatt – auka anslag		11 000
Auka overføringar fra staten		15 700
Auka finansinntekter		5 000
Redusert overføring til ubundne avsetninger		
Redusert bruk av fond	20160	
Totalt	33510	33510

Endringer i investeringsbudsjettet

Endringer i investeringsbudsjett (i tusen)	2022	2023	2024	2025
Fjellheim		20 000		
Bufellesskap	-5 000			
Leige til eige	5 000	10 000	10 000	10 000
Trafikksikringsmidlar	-7 000	-1 000	-1 000	-1 000
Vatn og avlaup	-20 000			
Startlån	10 000	10 000	10 000	10 000
Endringer totalt	-17 000	39 000	19 000	19 000
Endringer som ikkje er «sjølvkost»	<u>-12 000</u>	<u>19 000</u>	<u>-1 000</u>	<u>-1 000</u>

	2022	2023	2024	2025
Sentrale inntekter				
Skatt på inntekt og formue	-834 025	-844 025	-844 025	-844 025
Ordinært rammetilskot	-741 004	-744 504	-748 504	-748 504
Andre generelle statstilskot	-24 500	-24 500	-24 500	-24 500
Eigedomsskatt	-26 000	-68 000	-94 000	-104 000
Sum sentrale inntekter	-1 625 529	-1 681 029	-1 711 029	-1 721 029
Driftsutgifter per tenesteområde				
Frie inntektar og Finans				
Fellesområde	60 923	36 259	35 173	35 759
Stab	55 127	54 627	54 627	54 627
Oppvekst	709 913	709 988	710 238	712 238
Helse og velferd	623 932	634 009	640 163	641 163
Samfunnsutvikling	82 120	72 126	69 823	69 823
Driftsutgifter per tenesteområde	1 532 015	1 507 009	1 510 024	1 513 610
Korr. finansutgifter i tenesteområda	0	0	0	0
Korr. avsetningar i tenesteområda	0	0	0	0
Korr. motpost avskrivningar i tenesteområda	110 947	114 130	117 076	117 076
Brutto resultat (KOSTRA)	17 433	-59 890	-83 929	-90 343
Renteinntektar og utbytte	-12 000	-12 000	-12 000	-14 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	64 523	77 057	84 013	86 385
Avdrag på lån	106 527	108 636	111 489	111 262
Netto kalkulatoriske rentar (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Renter og avdrag auka investeringar	0	-720	420	360
Netto finansinntektar/finansutgifter	159 050	172 973	183 922	184 007
Finansutgifter i tenesteområdene	0	0	0	0
Totale finansutgifter	159 050	172 973	183 922	184 007
Motpost avskrivningar i tenesteområdene	-110 947	-114 130	-117 076	-117 076
Netto resultat (KOSTRA)	65 536	-1 047	-17 083	-23 412
Til ubundne avsetninger	20 304	16 067	18 743	19 412
Overført til investering	4 000	4 000	4 000	4 000
Bruk av bundne driftsfond	-85 000	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-4 840	-19 020	-5 660	0
Netto avsetningar	-65 536	1 047	17 083	23 412
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	0	0	0	0
Totale avsetninger	-65 536	1 047	17 083	23 412

Verbalforslag

Forslag 1:

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram vurderingar av økonomiske konsekvensar av kommunesamanslåinga. Ei slik vurdering må inkludera faktiske innsparingar relatert til doble stillingar og ekstra kostnader til barnehagar grunna dagens barnehagestruktur, estimerte rammetilskot og andre overføringar fra staten dersom vi var to kommunar. På bakgrunn av slike framlagde opplysingar skal kommunen gjennomføre ei representativ spørjeundersøking om kommunedeling.

Informasjon om økonomiske konsekvensar og resultat av spørjeundersøkinga må være klare til kommunestyremøtet i februar.

Forslag 2:

Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for at Ung Arena og Fjorden Arena legg til rette for ein eigen kveld for psykisk utviklingshemma ungdom. Styrka samarbeid mellom desse miljøa bør stimulerast.